

Planprogram

Revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032

Framlegg til vedtak

Februar 2025

Innleiing

Plan- og bygningslova krev at kommunen har ein kommuneplan med ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen er kommunen sitt overordna strategiske styringsverktøy. Målsettingane i samfunnsdelen vil vere førande for meir utdjupande kommunedelplanar og kommuneplanen sin arealdel.

Dette dokumentet utgjer planprogrammet for revidering av Stad kommune sin samfunnsdel. Det skal utarbeidast eit eige planprogram for arbeidet med arealdelen. Dette arbeidet skal starte opp parallelt med arbeidet med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Planprogrammet for samfunnsdelen har som funksjon å opplyse om formålet med planarbeidet, korleis planprosessen er tenkt gjennomført, kva type utgreiingar som skal gjerast og korleis ein skal legge til rette for informasjonsutveksling og brei deltaking i planprosessen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Stad kommune som samfunn og for kommunen som organisasjon. Kommuneplanen skal samtidig ta i vare både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Å handtere store, komplekse samfunnsutfordringar utan enkle eller kjende løysingar – såkalla «gjenstridige problem» – utgjer ein viktig del av det offentlege sine samordningsoppgåver. Ei måloppnåing av FN sine 17 berekraftsmål med 169 delmål er døme på eit slikt gjenstridig problem, som føreset koordinering, samarbeid og samskaping.

Den gjeldande samfunnsdelen er blitt vedteken i desember 2020 (KS-sak 20/140). Kommuneplanen sin samfunnsdel set mål for utvikling av heile kommunen. Samfunnsmålet er som følgjer:

«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»

Vedtak om å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel hausten 2024 vart gjort av Stad kommunestyre i møte 12. september 2024, i sak om godkjenning av «Utviklingsplan for 2024-2028. Kommunal planstrategi.»

Innhaldet i planprogrammet bygger på det som vart skildra i [sak 24/127](#) om oppstart av arbeidet med revidering av samfunnsdelen, vedteken av Stad formannskap 17.10.2025. Planprogrammet omtalar planprosessen for revidering av samfunnsdelen på eit overordna nivå. Revidering handlar i hovudsak om:

- 1) Endring av målstruktur
- 2) Forankring av satsingsområda
- 3) Revidering av arealstrategiane

Føringar – internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt

Stad kommune skal i sitt planarbeid ta i vare nasjonale, regionale og kommunale interesser og oppgåver.

«... Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.

Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig. (...)»

(Utdrag frå plan- og bygningslova plandelen, § 3-1)

Nasjonale forventingar og føringar

Kvart fjerde år legg Regjeringa fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging er å finne i «[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#)». Regjeringa legg her vekt på at planlegginga skal fremje berekraftig utvikling. Kommunar som samfunnsutviklar, tenesteytarar og planstyresmakter er avgjerande for å lykkast med å realisere dette. Regjeringa baserer seg på fem overordna perspektiv i forventingsdokumentet; sosial, økologisk og økonomisk berekraft, samfunnstryggleik og beredskap, og samarbeid for å nå måla. Desse er kategorisert som følgande tema:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstrykkleik og beredskap

Regjeringa har konkrete forventingar til planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling. Regjeringa ynskjer at overordna planlegging skal peike ut ei tydeleg retning for samfunnsutviklinga, bidra til å nå berekraftsmåla, og samordne oppgåver og omsyn som er viktig for å få til dette. Det er ei forventing om at arbeidet med planstrategi blir prioritert for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgjevne forhold. Vidare er det forventa at mogleheitene i plan- og bygningslova for å effektivisere og forenkle planlegginga blir tekne i bruk. Planprosessar skal vere inkluderande med god samordning mellom styresmakta. Det er også forventa at samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og at kommunane bør utarbeide ein arealrekneskap som ein del av eit slikt kunnskapsgrunnlag.

Ved revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør kommunen vurdere om tidlegare vedteken arealbruk svarer til dei forventa behova i dag og i framtida. Det er då viktig at kommunen vurderer å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareal som ikkje lenger er like aktuelle. Det er viktig at fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før det blir sett av nye utbyggingsområde.

I kvar av dei ovanfor nemnte perspektiv framhevar regjeringa sine prioriteringar samt konkrete forventingspunkt for korleis aktuelle utfordringar på området kan møtast gjennom samfunns-, areal- og økonomiplanlegging.

Andre nasjonale føringar:

- [Statlige planretningslinjer for klima og energi \(2024\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet \(2025\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen 2021\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging \(1995\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag \(1994\)](#)

I tillegg vil vi legge til grunn andre relevante [rundskriv](#) om plandelen av plan og bygningslova, samt [Naturavtalen](#) (2022) og [stortingsmelding nr. 35](#) Berekraftig bruk og bevaring av natur - Norsk handlingsplan for naturmangfold.

Regionale forventingar og føringar

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune utgjer det regionale folkevalde styringsnivået for Stad kommune.


Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Utviklingsplan for Vestland er den overordna planen for samfunnsutvikling i heile Vestland, med langsiktige mål for fylket og strategiar for å nå dei basert kunnskap. Utviklingsplanen vert vedtatt i fylkestinget i desember 2024.

Utviklingsrapporten til Vestland fylkeskommunen er ein viktig grunnlagsdokument for arbeidet med revidering av Stad kommune sin samfunnsdel. Den peikar på 6 store samfunnsutfordringar:

- Regional, by- og bygdeutvikling
- Klima og energi
- Livskvalitet og like moglegheiter
- Naturmangfald og areal
- Verdiskaping og kompetanse
- Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.

Rapporten skal hjelpe kommunar å bygge på sitt eige kunnskapsgrunnlag. Målet er ei felles forståing av utviklingsbehov, som vil kvile på at fylkeskommunen, kommunane og andre offentlege og private aktørar grip moglegheitene som ligg i samarbeid og samskaping i Vestland i åra framover.



Figur 1: Utfordringsbildet Vestland; Kjelde: Vestlandfylkeskommune, utviklingsrapport 2024.

Med bakgrunn i utviklingsplan for Vestland fylkeskommune, er fleire regionale planar under utarbeiding som Stad kommune må legge til grunn for si planlegging. Vi legg òg til grunn andre [regionale føringar](#), slik som mellom anna [regional plan for klima \(2022-2035\)](#).

Lokale føringar

Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028

Utviklingsplanen utgjør Stad kommune sin planstrategi og gir ein samla oversikt og vurdering av kommunen sitt planbehov i kommunestyreperioden. Utviklingsplanen skildrar i tillegg fire satsingsområde som baserer seg på utfordringar og moglegheiter knytt til sentrale utviklingstrekk.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032

I kommuneplanen sin samfunnsdel tek kommunen stilling til langsiktige utfordringar og setje mål og strategiar for utvikle kommunen i heilskap, som samfunn og organisasjon. Samfunnsdelen skildrar viktige element som visjon, posisjon, verdiar og samfunns mål, som skal fortsett gjelde dei åra framover.

Visjonen Verdas beste vesle stad viser retninga for utviklinga fram til 2032.

Posisjonen Distriktpioner skal setje Stad på kartet og styrke utviklingskrafta vår.

Verdiane som skal kjenneteikne oss:

- Nær
- Raus
- Skapande
- Heilhjarta

Samfunns målet Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.

Figur 2: Visjon, posisjon, verdiar og samfunns mål i Stad kommune sin gjeldande samfunnsdel, 2020-2030.

Dei overordna kommunale temaplanane gjev òg føringar for samfunnsdelen, desse er tilgjengeleg på [Stad kommune si heimeside](#). Andre kommunale dokument som er viktige for utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel, er pågåande arbeid med klimaplan, kommunedelplan for naturmangfald, planvask, samt gjeldande heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og rettleiar for jordflytting.

Avgrensing av arbeidet (revideringsomfang)

Dei siste fire åra har vi gjort oss gode erfaringar med samfunnsdelen. Vi har jobba godt med forankring av innhaldet, og mot den ønska utviklinga. Vi fekk positiv merksemd for planen i nasjonal samanheng og opplev at planen er eit velfungerande dokument. Likevel ser vi i planperioden behov for å gjere endringar for å tilpasse planen Stad kommune sitt overordna plan- og styringssystem. I tillegg er det eit behov å gå gjennom gjeldande arealstrategiar og vurdere behovet for endringar, før arbeidet med kommuneplanen sin arealdel tek til.

Styrke kopling mellom samfunnsdel og økonomiplanen

Dei nasjonale føringane for samfunns- og økonomiplanlegging krev at kommunane aukar fokuset på ei samordning av samfunns- og økonomiplanlegginga for å betre realismen i planane, og forenkle og effektivisere planarbeidet. Krava til denne koplinga mellom samfunnsplanlegging og økonomiplanlegging er skjerpa i ny kommunelov, og det medfører ei sterkare forventning til reell koordinering og samanheng i dei kommunale planprosessane.

Tradisjonelt har samfunnsplanlegging blitt tatt i vare i kommuneplanen sin samfunns- og arealdel og økonomiplanlegginga i økonomiplan/budsjett. Koplinga mellom målsettingar i overordna planar, tiltak i kommuneplanen sin handlingsdel og prioritering av økonomiske verkemiddel gjennom økonomiplanlegging blir då ofte for svak. Kommuneplanlegging bør skje innanfor dei økonomiske rammene kommunen har tilgjengeleg, og ein bør gjennom planlegging fordele ressursane best mogleg mellom drift og utvikling.

Gjennom planprogrammet ønskjer vi å skissere korleis satsingsområda og den endra målstrukturen kan bli innarbeidd i samfunnsdelens kapittel 4.

Ved val av satsingsområde tek vi utgangspunkt i dei vedtekne satsingsområda i Stad kommune sin utviklingsplan (planstrategi). Innhaldet i målstrukturen skal bygge på allereie vedtekne overordna planar.

Ei slik endring av samfunnsplanens kapittel 4 skal forsterke samanheng mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan, og bidra til å skape forståing for målsetningane i komande økonomiplan.

Satsingsområda

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032, vedteken 10. september 2020, vart det ikkje innarbeidd satsingsområde. For å vere tydelege på kva tematiske område Stad kommune skal gje ekstra merksemd og ressursar i planperioden, ønskjer vi å inkludere slike satsingsområde i den reviderte samfunnsdelen.

I den reviderte samfunnsdelen ønskjer vi å justere satsingsområda frå «Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028» slik at dei treff enda betre på den langsiktige utviklings-trekka. I tillegg er det forslått eit nytt satsingsområde knytt til berekraftig økonomi og styring.

Val av satsingsområda i utviklingsplanen baserer seg på hovudutfordringar som er skildra i «Stad 2024 - Status og utviklingstrekk» samstundes som dei baserer seg på ei politisk og administrativ medverknadsprosess som vart gjennomført i samband med utarbeiding av «Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028». Satsingsområda viser overordna prioriteringar knytt til samfunnsplanlegging. Det er område som er kritisk for utviklinga av kommunen og der vi vel å rette ekstra innsats mot:

1. Berekraftig økonomi og styring

God leiing, god planlegging og god styring er føresetnader for at Stad kommune kan ivareta rolla si som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena. Ein berekraftig økonomi er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar.

2. Inkluderande, aldersvennleg og livskraftig samfunn

Stad kommune skal vere ein stad der folk vil bu. Dette er ein føresetnad for å vere livskraftig. Vi må satse på innbyggjarane våre og frivillige lag og organisasjonar. Innbyggjarane skal føle på stadstilhøyrse og bulyst. Vi ønskjer at innbyggjarane har like moglegheiter til gode liv og er aktørar i eigne liv gjennom heile livet.

3. Berekraftig verdiskaping og kompetanse

Vestland og Stad har alle føresetnadar for å skape ny vekst, og Vestland kan ta ein leiande posisjon innan alle nye verdikjeder i «hav møter land»- industri. Vestland og Stad har eit stort potensiale i å utnytte ressursane og kompetansen til å utvikle nye og meir berekraftige verdikjedar innan t.d. opplevingar, kulturarv, handel, stadutvikling og reiseliv.

4. Redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen

Klima og miljø er ein premiss for samfunnsutviklinga. Alle i Stad kommune skal kunne leve gode liv i eit lågutsleppssamfunn som er tilpassa eit klima i endring. Vi skal ta vare på naturen som vårt livsgrunnlag og dermed sikre velfungerande økosystem som også er viktig for å redusere klimagassutsleppa og skape eit klimarobust samfunn.


5. Samskaping og tverrfagleg samarbeid

For å lykkast med dei ovanfor nemnde satsingar er vi nøydt til å samarbeide og vere i tett dialog med aktørane i samfunn. Vi skal sjå utfordringar på tvers, jobbe tverrfagleg og samordne verkemiddel og ressursar for å finne meir effektive måtar å løyse utfordringane og utvikle kommunen.

Endring i målstruktur

Revidering av målstrukturen handlar om å definere, organisere og evaluere måla vi har satt oss. Ein heilskapleg målstruktur skapar ei tydelegare kopling mellom målsetting og resultat. Den gjer det enklare å gå frå ord til handling, og vurdere utviklinga undervegs. Målstrukturen til Stad kommune er felles for alle kommunalområda.

For å sikre mest mogleg effektiv og heilskapleg verksemdstyring speglar strukturen den ein finn i Framsikt, vår tekniske løysing for verksemdstyring. Oppbygginga av Framsikt tek utgangspunkt i kommuneplansystemet, og tek sikte på å binde saman alle element, frå planstrategi og kommuneplan, via temaplanar, handlingsprogram til verksemdsplanar og gjennomføring. Rapporteringa skal sikre oppdatering av status for dei ulike elementa i denne prosessen. Figuren under skildrar korleis målstrukturen er bygd opp:



Figur 3: Målstruktur

Målstrukturen er satt saman av følgjande omgrep:

Satsingsområde: Satsingsområde er tematiske område som kommunen skal gje ekstra merksemd og ressursar til i planperioden.

Hovudmål: Hovudmål er overordna mål for kva vi vil oppnå per satsingsområde.

Delmål: Delmål er detaljerte mål som utdjuvar hovudmåla og har tydeleg kopling mot effektar.

Strategi: Strategiar er framgangsmåtar vi skal ta i bruk for å bevege oss mot måla våre.

Handling: Oppdrag, tiltak, investeringar og klimatiltak er handlingar vi set i verk for å realisere måla våre.

I tillegg nyttar vi omgrepet **indikatorar**. Indikatorar er statistikk og data som synleggjer effektane av måla vi har sett oss, og vert utarbeidd frå delmåla.

Som ein del av arbeidet med revidert samfunnsplan, vil ein arbeide med å definere innhaldet i målstrukturen basert på allereie vedtekne planar. Dette inneber å fastsette satsingsområde og mål (kor skal vi), og kva retningslinjer ein skal ha for etablering av strategiar og handlingar (korleis kjem vi oss dit) og indikatorar (kva effekt kan vi sjå).

Revidering av arealstrategiane

I tråd med formannskapet sitt vedtak juni 2024 (F - 24/087) skal vi i også revidere [kapittel 6.1 – overordna strategiar for arealplanlegging i Stad kommune.](#)



Figur 4: Kartet syner dagens senterstruktur med kommunesenter, lokalsenter og lokale knutepunkt

Til grunn for dette arbeidet legg vi hovudprinsippa som bygger på føringane i dagens samfunnsdel; å ta heile kommunen i bruk, samstundes som vi tek omsyn til nye nasjonale føringar for planlegging.

Arealstrategien skal bidra til å styre utviklinga i Stad i ønska retning, og vil difor bygge på kommunen sin visjon og samfunns målet, samt FN sine berekraftsmål.

Senterstrukturen gjev føringar for overordna funksjonsinndeling og arealbruk for dei større stadane i Stad. Inndeling av senterstrukturen med kommunesenter, lokalsenter og lokale knutepunkt speglar i kva grad stadane i dag har ein tettleik av arealutnytting, besøksintensive verksemdar og infrastruktur for gåande og syklende. Den høgaste graden av slik tettleik finn vi i kommunesenteret.

Arealstrategien gjev tydelege rammer for styringa av utbygginga mot område med ein desentralisert struktur for å bu, besøke og drive næring, i hovudsak i tilknytning til eksisterande infrastruktur både for offentleg og privat tenesteyting.

Koplinga mot kommande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

I samfunnsdelen trekker kommunen opp dei lange linjene for korleis kommunen ønskjer å utvikle seg. Dei overordna arealstrategiane i [samfunnsdelen kapittel 6](#) utgjer koplinga mellom kommunen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel, og fastset hovudprinsippa for Stad kommune sin langsiktige arealbruk, arealforvaltning og stadutviklinga. Gjennom arealstrategiane fastset vi korleis vi ser for oss fysisk utvikling av kommunen vår. Arealstrategiane er ikkje juridisk bindande, men skal leggest til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

I gjeldande samfunnsdel er det utarbeidd strategiar for arealplanlegging for senter og knutepunkt og for områda utanfor senter og knutepunkt. Desse blir lagt til grunn for revideringa.

Senter og knutepunkt:	Utanfor senter og knutepunkt:
<p>24. Utvikle senterområda med utgangspunkt i staden sin eigenart og stadleg identitet, med variert butilbod, møteplassar, handel og tenester, tilpassa det naturlege omlandet.</p> <p>25. Sikre og utvikle areal til offentleg og privat tenesteyting i samsvar med framtidig behov og forventna utvikling.</p> <p>26. Prioritere foretting og transformasjon i og nær senterområda, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.</p> <p>27. Unngå omdisponering av dyrka mark og fastsette langsiktig grense for utbygging mot utmark og jordbruksområde, for å ivareta friluftsliv- og landbruksomsyn.</p> <p>28. Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, med vekt på mobilitet til fots og på sykkel og tilrettelegging for andre miljøvenlege transportløysingar.</p> <p>29. Sikre og vidareutvikle lokal grønstruktur med samband til bustadområde.</p> <p>30. Sikre tilstrekkelege areal for utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksemdar. Ta i vare næringsareal for verksemdar med behov for sjøtilknytning.</p> <p>31. Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensar av klimaendringar.</p>	<p>32. Legge til rette for spreidd bustad-, fritids- og næringsutbygging utanfor senterstrukturen for å nå kommunen sine målsettingar om ein desentralisert struktur.</p> <p>33. Legge til rette for auka verdiskaping basert på landbruks-, natur-, friluftslivressursane sine premisser.</p> <p>34. Bevare 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, og sikre ålmentas tilgjenge til strandsona. Det skal likevel kunne leggjast til rette for kystbasert næringsutvikling, natur- og kulturbasert næringsutvikling og anna spreidd utbygging av bustader og fritidsbustadar innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona.</p> <p>35. Sikre og vidareutvikle overordna grønstruktur og infrastruktur, med kopling til større utfartsområde for friluftsliv.</p> <p>36. Bevare og verne dagens landbruks-, fiskeri-, natur- og friluftslivsområde mot vindkraftutbygging.</p> <p>37. Legge til rette for å utnytte potensialet innanfor sjømatnæringa, inkludert leveranseindustri mot desse næringane.</p> <p>38. Legge til rette for ein klimapositiv arealbruk gjennom å drive skogen aktivt, ta vare på matjord, og legge til rette for tare dyrking.</p>

Figur 5: Arealstrategiar frå Stad kommune sin samfunnsdel 2020 - 2032

Med bakgrunn i med [vedtak i KS-sak 23/162 - Innbyggjarforslag frå lokalt knutepunkt til lokalsenter](#), vil vi òg vurdere ei eventuell endring av kommunen sin senterstruktur.

I innbyggjarforslaget blir Bryggja fremja definert som eit lokalsenter, med ønske om innarbeide ny status i alle plandokument, i overordna styringsdokument og handlingsplanar, og kjem inn i strategiske tiltak for vekst og utvikling.

Under handsaming av saka 15. desember 2023, vart det vedteke å ikkje imøtekomme innbyggjarforslaget. Det vart då vist til at plan- og bygningslova set strenge prosessuelle og demokratiske krav til endring av samfunnsdelen, og mellom anna føreset at ei revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel først blir vurdert i samband med ny planstrategi.

Vidare vart det vist til at Stad kommunestyre, i arbeidet med ny planstrategi, vil vurdere om kommuneplanen sin samfunnsdel skal reviderast, og i planstrategiarbeidet også vurdere omfang og tema for ein eventuell revisjon, her under eventuell endring av kommunen sin senterstruktur.

Bryggja sin definisjon som lokalt knutepunkt går fram av kommunedelplanen sin samfunnsdel kapittel 6 om overordna arealstrategi og senterstruktur. Ei eventuell imøtecoming av innbyggjarforslaget krev såleis ei endring av kommunedelplanen sin samfunnsdel.

Ei eventuell endring av kommunen sin senterstruktur, vil bli vurdert gjennom denne revisjonen av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Arealstrategiar i tråd med nasjonale (overordna) forventingar

Sidan noverande samfunnsdel var vedtatt i 2020, er det kome nye overordna føringar til arealbruk, og vi må sjå til at våre arealstrategiar er i tråd med desse. Det er kome nye Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025), og vi må ta omsyn til endringane i retningslinjene.

20. juni 2023 kom ny utgåve av [Nasjonale forventinga til regional og kommunal planlegging 2023 - 2027](#). Her er det peika på viktige planutfordringar framover, som utfordringar med å nå berekraftsmåla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap innan 2030. Dette får konsekvensar for planlegging på kommunenivå og vi må tilpasse våre arealstrategiar til dei nye forventingane.

«Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane bidreg til å fremje verdiskaping, nødvendig omstilling av økonomien, sikre busetjing i heile landet, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss eit klima i endring, vareta natur, viktige friluftsområde og kulturmiljø, effektivisere energibruken, tilby likeverdige tenester, handtere demografiske endringar, motverke mangel på kompetanse og arbeidskraft og sikre gode, likestilte og trygge lokalsamfunn»


(Kjelde: Regjeringa, Nasjonale forventinga til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027, s.6)

Forventingane gir eit tydeleg signal om at arealplanlegginga skal bidra til mellom anna redusert arealbeslag, redusert nedbygging (særskilt av karbonrike areal), reduserte utslepp og auka grad av ombruk av areal. Dette er i tråd med prinsippet om **arealnøytralitet/arealnøysemd**.

Arealnøytralitet kan forklarast på følgjande måte:

- **Arealnøytralitet:** Med arealnøytralitet er det meint å bruke om att og fortette dei områda som allereie er utbygd meir effektivt, framfor å bygge ned landbruksareal og natur. Med natur meinast hovudøkosystema skog, våtmark, vassdrag, naturleg opne område i låglandet og semi-naturleg mark, med underliggjande naturtypar. Forringa natur, som drenert myr, reknast også som natur. Det same gjeld naturprega frilufts- og grøntområde, som parkar, hundremeterskogar og urbane grøntkorridorar. Prinsippet om arealnøytralitet gjeld heile kommunen.

For å få til betydelege utsleppsreduksjonar frå nedbygging og følge opp prinsippet om arealnøytralitet, bør kommunen i alt planarbeid ta utgangspunkt i UFF-rammeverket og tiltakshierarkiet. Dette går mellom anna fram i «NOU 2023: Omstilling til lavutslipp – veivalg for klimapolitikken mot 2050» og «Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutgreiingar». Først og fremt skal ein unngå skadeverknadar for miljø og klima og nedbygging av natur. Der det ikkje er mogleg skal ein avgrense skaden, sjølv nedbygginga og legge den til areal med lite karbonlager. Kompensasjon ved å restaurere eit anna område er siste utveg. Figur 6 på neste side illustrerer korleis rammeverket kan brukast for arealpolitikken.



Figur 6: Rammeverket for tiltak unngå – flytte – forbedre (UFF) i arealbruk. Kjelde: Klimautvalget 2050.

Ein **arealrekneskap** gir oversikt over planlagde endringar i arealdelen, og viser utbyggingspotensialet som ligg inne i eksisterande planar. Kommunen sitt arealrekneskap er utarbeidd av Vestland fylkeskommune. Arealrekneskapen er eit viktig verktøy for å styre mot arealnøytralitet, og vil gi oss ein oversikt over i kva grad kommunen klarar å avgrense nedbygginga av natur.

Stad kommune deltek i KS sitt FoU-prosjekt om areal- og naturrekneskap i kommunal planlegging, der vi i lag med 6 andre kommunar i landet ser på korleis kunnskap frå natur- og arealregnskap, og anna naturkunnskap kan nyttast i kommunale planprosessar og korleis samhandlinga mellom regionale myndigheiter og kommunane om natur i desse prosessane kan utviklast.

I samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsplan vil det vere relevant å vurdere korleis prinsippet om arealnøytralitet/arealnøysemd og UFF-rammeverket kan inngå i arealstrategiane og korleis Stad kommune definerer desse omgrepa.

Andre tema som påverkar arealstrategiane er behovet for nye næringsareal, strengare krav til jordvern og bevaring av myr, nye planlagde verneområde for natur i kommunen ([kandidatområde for utvida vern](#)), nye registreringar for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse ([KULA](#)), mogleg UNESCO-status for gravhaugane på Nordfjordeid og viktige arkeologiske funn på Seljesanden.

Sentrale utviklingstrekk er skildra i kapittel 3 «[Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028](#)» og peikar på viktige tema som er relevant i arbeidet med revisjon av arealstrategiane. Desse er mellom anna:

- Demografiske endringar
- Næringsutvikling og grøn omstilling
- Bustadattraktivitet
- Rekruttering av rett kompetanse
- Ulike moglegheiter å delta i samfunns- og arbeidsliv
- Klimaendringar, arealkonfliktar og tap av natur
- Geografisk spreining og identitetsbygging
- Berekraftig økonomisk utvikling

Overordna arbeidsprosess

Den overordna arbeidsprosessen for samfunnsdelen i Stad støttar opp under dei krav som er fastsett i plan- og bygningslova (pbl.) § 11-12 til § 11-15:

- Pbl. § 11-12: Oppstart av arbeid med kommuneplan
- Pbl. § 11-13: Utarbeiding av planprogram
- Pbl. § 11-14: Høyring av planforslag
- Pbl. § 11-15: Vedtak av kommuneplan.

Den overordna prosessen ser slik ut:

Periode	Kva	Organ
Oktober 2024	Vedtak om oppstart	Gjennomgang: Råd og utval Avgjerslemynde: Stad formannskap
November 2024	Vedtak om høyring/ offentlig ettersyn av planprogram	Gjennomgang og avgjerslemynde: Stad formannskap
November 2024 – Januar 2025	Høyring/offentleg ettersyn av planprogram	
Mars 2025	Vedtak av planprogram	Gjennomgang: Råd og utval Avgjerslemynde: Stad kommunestyre
November 2024 – April 2025	Arbeidsperiode revidering av samfunnsdel (kontinuerleg, bygger på utviklingsplan, arbeidet med økonomiplan, oppstart av arealdel, mm.)	
April 2025	Vedtak om høyring/offentleg ettersyn av revidert samfunnsdel	Gjennomgang råd og utval Avgjerslemynde: Stad formannskap
Mai - Juni 2025	Høyring/offentleg ettersyn av revidert samfunnsdel	
September 2025	Vedtak av revidert samfunnsdel	Gjennomgang råd og utval Avgjerslemynde: Stad kommunestyre

Medverknad

I samband med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032 vart det gjennomført ein omfattande og grundig medverknadsprosess. Det var arrangert ulike opplegg for å legge til rette for at innbyggjarane skulle bli kjent med forslaget til ny samfunnsplan og kunne delta med sine meiningar om framtidig utvikling av Stad.

- Informasjonsmagasin: I juli fekk alle husstandar i kommunen tilsendt eit informasjonsmagasin der mellom anna hovudtrekka i samfunnsplanen vart presentert.
- «Tour the Stad sommaren 2020»: I juni/juli reiste ordførar og varaordførar rundt i kommunen og snakka med folk mellom anna om utviklingsretninga for Stad vidare framover.
- Informasjonsmøte: I august arrangerte Stad kommune fire informasjonsmøte på ulike stadar i kommunen; Bryggja, Selje, Leikanger og Nordfjordeid.

Arbeidet med samfunnsdelen 2020-2032 bygde på og vidareførte fellesnemnda sitt arbeid som vart gjennomført med kommunesamanslåinga.

Vidare vart det utarbeidd fleire overordna planar i perioden 2020 -2024 som til dømes KDP for helse og omsorg, KDP for oppvekst, temaplan for kultur og bustadpolitisk handlingsplan. Desse planane bygger på oppdatert kunnskapsgrunnlag og gode medverknadsprosessar.

Det vart gjennomført ein medverknadsprosess knytt til utarbeiding av utviklingsplan 2024-2028. Politikarane, råda, administrativ leiinga og einingsleiarane gjennomførte arbeidsverkstadar med fokus på hovudutfordringar og moglegheiter i Stad kommune. Konklusjonen frå arbeidsverkstadane supplert med hovudfunn frå status og utviklingstrekk og folkehelseoversikt dannar grunnlag for utarbeida satsingsområda.

Medverknadsprosessen for revidering av samfunnsdelen vil følgje dei formelle krava om informasjon og medverknad etter plan- og bygningslov, men skal ikkje gjennomførast meir omfattande enn naudsynt sidan det føreligg ein omfattande kunnskapsgrunnlag som baserer seg på grundig medverknad.

Mellom anna er ein sentral del av arbeidet med revidering av kommuneplan er å sikre at innbyggjarane har god tilgang til informasjonen som ligg til grunn for avgjerder og prioriteringar. Dette bidrar til å styrke lokal tillit, engasjement og deltaking i prosessane.

Det vil bli gjennomført arbeidsverkstadar i kommunestyre, med tema arealstrategiar og tema satsingsområde innan vedtak om høyring/offentleg ettersyn av revidert samfunnsdel.

Under høyringsperioden vil vi legge opp til medverknad med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, med mål om å nå ut til flest mogleg.